

Frå David Woodland
Ølvesvegen 73
5635 Hatlestrand
tlf: 95 11 04 70
e-post: woodland@online.no
Dato: 23. juni 2025

Til NVE,
Postboks 5091,
Majorstuen,
0301 OSLO

Ang: Søknad om fornya konsesjon - Ølve Bruk AS - Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune, Vestland

Innleiing

I juni 1995 fekk vi, David Woodland og Nora Skatvedt, konsesjon for kjøp av eigedom med gnr. 22/bnr. 3, Plasset, i Kvinnherad kommune, og har, sidan mai 1996, stort sett budd på dette småbruket.

Gjennom lokale kontaktar har vi fått informasjon om søknaden til Ølve Bruk AS «**Søknad om Fornya konsesjon til bruk av vatn frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad Kommune**», datert 22. januar 2025, saksnummer 202502924.

Vi ønskjer å koma med ein høyringsuttalelse som lokalpersonar, utan fagleg kunnskap/ kompetanse om fiskeoppdrett eller hydrologiske forhold rundt Kvitebergsvatnet. Som lokalpersonar er vi opptekne av vårt nærmiljø.

Historie

Først vil vi seia at vi finn det svært «unorsk» at vi som grunneigarar rundt Kvitebergsvatnet ikkje har blitt orienterte om Ølve Bruk AS sin fornya konsesjonssøknad ang. bruk av vatn frå Kvitebergsvatnet, datert 22. januar 2025, slik vi blei i 2014 ang. ein tilsvarende søknad. I Noreg er det stor tillit til myndigheiter, lover og demokratisk prosesser. Det er viktig at desse demokratisk prosessane byggjer tillit, og ikkje undergrev den. Det at vi som grunneigarar ikkje har blitt informert i ei, for oss, så viktig sak, bidreg til å svekke vår tillit til prosessen og involverte parter.

I 2014 søkte Alsaker Fjordbruk AS om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet, som dei fekk løyve til av NVE i 2016. Denne søknaden frå Alsaker Fjordbruk AS hadde svært avgrensa konsekvensutgreiing. Dette var kanskje meir vanlig på den tida, men ei grundig konsekvensutgreiing er viktig både for å kunna seia noko om sannsynlege effektar og for å kunna føreslå evt. korrigierende tiltak, samt for å byggja tillit hos berørte parter. I samband med søknaden i 2014 blei det organisert synfaring for grunneigarar og andre berørte parter, som vi ikkje kunne delta på, grunna andre forpliktingar.

I 2024 søkte Ølve Bruk AS om løyve til vassdragsrettar og elvegrunn på eigedomane gnr./bnr. 16/1 og 16/2 i Ølve ved Kvitebergsvatnet. Grunna at konsesjon for bruk og regulering av vatn frå Kvitebergsvatnet frå 2016 hadde falt bort i 2019, fekk Ølve Bruk AS ikkje konsesjon til kjøp av del av eigedommane 16/1 og 16/2.

Slik vi ser på prosessen rundt konsesjonssøknaden frå 2024, og behandling hos både Kvinnherad Kommune og Ølve Bruk AS, er det fleire grunnar til å sette i gang tiltak som kan byggje tillit hos grunneigarar rundt Kvitebergsvatnet. Vi er fullstendig klar over at denne saka om kjøp av eigedom ikkje har noko direkte å gjera med NVE og Ølve Bruk sin nye søknad no, men for oss som grunneigarar heng alle søknadar frå Ølve Bruk saman.

Vi er skeptiske til kvaliteten av Ølve Bruk AS sin konsekvensutgreiing i søknaden om fornya konsesjon datert 22. januar 2025. Som grunneigarar har vi ikkje blitt invitert med på synfaring langs strandlinja vår saman med Biolog, eller liknande. Dette opplever vi som lite tillitsskapande.

Samkøyring mellom søknad til NVE og Kvinnherad kommune.

Per mai/ juni 2025 er Kvinnherad Kommune i gang med høyring av innspel i samband med detaljregulering av Ølve Industribase gnr. 12/bnr. 167 mf. Som kjent er det Alsaker Fjordbruk /Ølve Bruk AS som er drivkrafta bak plan- og reguleringsarbeidet, og dette er Kvinnherad kommune sitt ansvarsområde i første omgang. Det verker veldig underleg for oss at det ikkje er tettare samkøyring av desse to sakene, særleg i høve til konsekvensutgreiing. For oss verkar det som det planlagde landbaserte oppdrettet av smolt på Ølve Industribase, er tett bunde saman med bruk av vatn frå Kvitebergsvatnet. Det er lett å tenke seg at det kan bli gitt løyve til utbygging av landbasert fiskeoppdrett, og at det dermed "MÅ" gjevast løyve til auka uttak av vatn frå Kvitebergsvatn, utan ei fullstendig og samanhengande konsekvensutgreiing. Denne tanken er naturlegvis urovekkande for oss som grunneigarar ved Kvitebergsvatnet.

Vi er ikkje kompetente til å kommentere den planlagde utbygginga av landbasert oppdrett på Ølve Industribase, men i forhold til bruk av vatn frå Kvitebergsvatnet les vi om gjenbruk og resirkulering av vatn til industribruk. Om det finst teknologi til bruk sjøvatn veit vi ikkje. Det må også leggjast til at Håvikvatnet ligg berre 3 km. frå den planlagde industribasen, og Håvikvatnet er allereie regulert. Ein kan derfor bli freista til å stilla spørsmål til om det er naudsynt å regulera endå eit vatn, når ein allereie har eit regulert vatn i området.

Vi håper at NVE og Kvinnherad Kommune har evne og moglegheit til å samarbeide om saksbehandling av vassbruk frå Kvitebergsvatnet og landbasert smoltproduksjon på Ølve Industribase.

Konsekvensar ved tapping av vatn frå Kvitebergsvatnet.

Over dei siste 30 åra vi har budd ved Kvitebergsvatnet, har vi merka lite variasjon i vassnivå, utover dei naturleg sesongvariasjonane, med unntak av i periodar medan Sea Farm hadde løyve til tapping av vatn. Slik vi forstår det, hadde Sea Farm løyve til å tappa vatnet ned 0,8 meter frå normalnivå, og dette blei gjort i den tida Sea Farm hadde produksjon i Hyttevågen. Etter 2014 har det ikkje blitt brukt vatn på anlegget i Hyttevågen, og fjerning av fiskesperre i 2017/18 har kanskje ført til at flaumtoppane er mindre.

Vårt poeng her, er at vi stort sett har hatt eit forholdsvis stabilt vassnivå med sesongbaserte variasjonar gjennom dei siste 30 pluss åra. I praksis vil det seia at det vil bli mykje større og hyppigare vassnivåfluktuering gjennom året, dersom søknaden blir innvilga.

Eigne observasjonar i forhold til planteliv og biologisk mangfald rundt Kvitebergsvatnet

Her i familien padlar vi kano og kajakk ofte, særleg i sommarhalvåret. Vi veit av erfaring at det er veldig grunne tilhøve i den nordlege enden av vatnet, utanfor gamletunet på Kviteberg.

Her veks det mykje bukkeblad (*Menyanthes trifoliata*) og kvit nøkkerose (*Nymphaea alba*).

Om sommaren er det ofte ikkje råd å koma rundt øya her med kano eller kajakk fordi vatnet er så lågt, det er ofte under 25 cm. vatn her. Dersom det blir gitt løyve til tapping av

Kvitebergsvatnet, som søkt om i 22. januar 2025, vil dette område bli svært lite framkomeleg, særleg om sommaren, som og er tida då mesteparten av alt liv i området er i full flor.

Takrøyr (*Phragmites australis*)

Etter vår kunnskap, er det 3 plassar rundt Kvitebergsvatnet der det veks takrøyr i stort omfang, meir den 100 m². Det er i den nordlege enden av vatnet utanfor gamletunet på

Kviteberg, i sør ved Skutlavik, og hos oss, på Plasset. Desse takrøyrskogane gir beskyttelse til

fleire fuglearter, særleg grågås ved gamletunet på Kviteberg, i tillegg til stokkand, sivsporv og fleire. Det er også heim til frosk, og fleire øyenstikkerartar held og til her.

Slåttearealet rundt og framfor det gamle tunet på Kviteberg, har vore beiteplass for både grågås og kanadagås i ei årrekke, også i hekketida, vi har talt over 60 gjæser beitande på dette området. Takrøyrskogen her om sommaren dannar ein fin, beskyttande vegg for gjæsene og ungane deira. Vi veit ikkje kor robuste desse takrøyrskogane er, i forhold til å tole ei auking i hyppigheit av forandring av vassnivå i løpet av året, men vi meiner at dette er noko som bør undersøkjast før eit eventuelt løyve til tapping og regulering av vatnet blir gitt.

Om sommaren ser vi ål i vasskanten på varme dagar, her ser vi også blodigler, i tillegg til rumpetroll og froskar langs strandlinja vår. Vi har lite kunnskap om øyenstikkarar, men vi ser fleire ulike arter gjennom sommarhalvåret, både flygande rundt i vasskanten, og som larver i vatnet. Vi er kjende med at nokon øyenstikkerartar er freda, men veit ikkje om dette inkluderer nokon av artane vi finn rundt vatnet. Også froskane som held til i og rundt vatnet gjennom heile livssyklusen sin, frå egg til frosk, er, etter det vi veit, freda.

Vi er sikre på at dei fleste av oss har sett programmer som «Oppsynsmannen» med Bård Tufte Johansen på NRK, der han viser til prosjekter som er sett i gang, utan at kommunen eller andre har utført ei fullstendig konsekvensutgreiing, og utan at ein har forstått den totale eller endelege konsekvensen av det prosjektet ein har sett i gang. Det ville vera sørgjeleg om det skulle bli tilfellet med Kvitebergsvatnet.

Inngrepsfrie naturområder

Vi kan ikkje seia at Kvitebergsvatnet er eit inngrepsfritt naturområde, med steinbrot frå 1000 år tilbake i tid, og med ei kraftlinje som går over heile lengda (3 km) av vatnet. Men vår påstand er at området framstår som naturleg og urørt på tross av dette. Med ei vassflate som kan variere opp til 1,6 meter kan vi tenkje oss at det vil bli danna ein såkalla dødsone langs strandlinja, slik vi ser i andre regulerte vatn. Igjen ser vi eit stort behov for ei grundig konsekvensutgreiing, slik at vi veit kva som vil skje i og rundt vatnet dersom det blir gitt løyve til regulering.

Konsekvensutgreiing i forhold til kulturminne i og rundt Kvitebergsvatnet

Ved ein rask tur til Dalsjøen i Ølve kan ein sjå eit stort skilt med følgjande tekst:

Ølve- eldste Gruvebygda på Vestlandet.

På skiltet er det eit kart som identifiserer kulturminna rundt Kvitebergsvatnet. Frå vår ståstad er det lett å bli litt skeptisk til kvaliteten av konsekvensutgreiinga og kartleggingsarbeidet som er gjennomført i samband med søknaden datert 22.01.2025, då det ikkje er inkludert informasjon om gruvane og tilknytte kulturminne langs vatnet i søknaden.

Under samandraget av søknaden frå Ølve Bruk AS er det skrive at det er ubetydelege konsekvensar for kulturminne. Her er det verdt å merka seg at gruvane og tilhøyrande spor etter drift der, ikkje er nemnt i søknaden, her nemnes berre kvernhuset i utløpselva. I utløpet frå Kvitebergsvatnet, Hytteelva, er det 4 steinfundament som er 3-4 meter høge, desse er fundament til Klausaga som sannsynlegvis er bygga omkring 1540. Vi er overraska over at dette ikkje er kommentert i søknaden til Ølve Bruk, heller ikkje i konsesjonssøknaden deira der dei søkte om kjøp av området i 2024.

Som kjent blei baksteheller frakta over Kvitebergsvatnet frå om lag år 1000, det finst og eit enkelt kaianlegg i Ambarevika frå denne tida. Inne i Atramadalen var det gruvedrift for koparkis frå 1600-talet.

Det er andre i Ølvebygda som er betre kvalifiserte til å kommentera forholda rundt kulturminna i og rundt Kvitebergsvatnet enn det vi er, men vi ynskjer likevel å gjera oppmerksam på dette, då det ikkje er teke med i søknaden.

Konsekvensar for Kvitebergsvatnet som friluft- og rekreasjonsområde

Kvitebergsvatnet er ei naturperle, ikkje berre for oss som bur rundt vatnet, men også for tilreisande. Sjølv bruker vi som nemnt mykje tid på og ved vatnet, særleg i løpet av sommarhalvåret, då reguleringa i følgje søknaden vil vera på det kraftigaste. Vi padlar, badar og nyt livet i strandsona, ikkje berre i vår eigen strandsone, men også på holmane og rundt vatnet elles. Dette er eit viktig element i vårt liv og har dermed blitt ein del av vår tilhørighet og identitet. Det er og gledeleg å sjå at vi ikkje er dei einaste som nyt skjønnheten og roen på og rundt vatnet, her har det vore ei tydeleg auking i løpet av dei seinare åra.

Ved ei eventuell regulering av vatnet på opptil 1,6 m., vil det vera uunngåeleg at alt dette blir endra. Nausta rundt vatnet vil bli liggande mange meter lenger oppe på land enn dei gjer i dag, og dei fine små sand- og steinstrendene vil bli bytta ut med den gjørmete botnen vi finn lengre ute. Den vakre og levande strandsona som vi kjenner og er glad i, vil truleg bli endra og i verste fall øydelagd, ikkje berre for oss, men og for kommande generasjonar.

Konklusjon

Det må koma ein fullstendig og upartisk konsekvensutgreiing av det biologisk mangfaldet (flora og fauna) i og rundt Kvitebergsvatnet før eit eventuelt løyve til regulering av vatnet kan gis. Konsekvensutgreiinga må også omfatte kulturminna. Dette for å sikra betre kunnskap om kva dei faktiske konsekvensane av regulering vil bli, for livet i, på og rundt Kvitebergsvatnet, for både planter, dyr og menneske. Som grunneigarar ved Kvitebergsvatnet, som ser på vatnet som ein vakker heilskap, med dyreliv, fugleliv, planter, fisk og insekt, samt ein viktig del av livet vårt, og ikkje berre som ein resurs i ei oppdrettsnæring som og kan finna andre løysningar, håper vi at Kvitebergsvatnet kan bevarast slik det er i dag.

Signert

David Gareth Woodland,
Nora Skatvedt,
Sunniva Woodland Skatvedt

Plasset, Kviteberg gnr. 22/bnr. 3

Dato: 23.06.2025

(Brevet sendes digitalt, og er derfor ikkje signert.)